Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2025/205-2
Saksbehandlar: Janne Væringstad

SAKSFRAMLEGG

Forslag til ny forskrift om hushaldsavfall - høyring

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Utkast til ny forskrift om hushaldsavfall blir sendt på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Kommunedirektøren blir gitt fullmakt til å setja i verk høyringa, og sørgja for tilstrekkeleg publisering og frist.

Saksopplysningar:

Kommunane Notodden, Midt-Telemark og Hjartdal har utarbeidd felles utkast til ny forskrift om handtering av hushaldsavfall og gebyr. Det er gjennomført arbeidsmøte der alle kommunane har vore representerte saman med IRMAT. Per i dag gjeld forskrift for hushaldsavfall, Bø, Hjartdal, Notodden og Sauherad kommunar, Telemark. Forskrifta vart vedteken av Bø kommunestyre 11. desember 2017, Hjartdal kommunestyre 13. juni 2018, Notodden kommunestyre 3. mai 2018 og Sauherad kommunestyre 14. desember 2017.

Dette saksframlegget er kommunenøytralt, og er utarbeidd slik at det kan nyttast i alle tre kommunane. For mest mogleg einskapleg praksis og gjennomføring, bør forskrifta vedtakast likelydande av alle. Dette bør takast omsyn til ved gjennomgang av innkommande høyringssvar.

Fakta og vurderingar:

Det er lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) som gir det nødvendige rettslege grunnlaget for forskrifta. Det følgjer av forureiningslova §§ 30 og 34 at kommunen «*skal sørge for innsamling av husholdningsavfall*.», og at kommunen «*skal fastsette gebyrer til dekning av kostnader forbundet med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll m.v. Kostnadene skal fullt ut dekkes inn gjennom gebyrene*.». Føresegnene fastslår prinsippet om at det skal vera kommunal renovasjon i alle kommunar, og at dette er ei offentleg oppgåve som skal dekkjast gjennom gebyr basert på sjølvkost. Kommunen kan anten stå for den praktiske gjennomføringa sjølv eller samtykkja/overlata innsamlinga til andre, eksempelvis IRMAT.

Forureiningslova oppstiller altså ei plikt for kommunen til å ta seg av hushaldsavfallet. Det er dermed ikkje opp til kvar enkelt om ein vil nytta seg av tilbodet. For den enkelte avfallsbesitter (hushald o.l.) medfører dette ei plikt til å vera med på å betala for den kommunale renovasjonsordninga.

--- --- ---

Utkastet til ny forskrift fører vidare i all hovudsak den praksisen som allereie eksisterer. Det er likevel gjort presiseringar når det gjeld renovatørens og abonnentens plikter og dessutan at føresegna om fritak er harmonisert i samsvar med forureiningslova.

Det blir lagt opp til ei viss grad av differensiering av avfallsgebyr ved at dei som ønskjer det kan driva heimekompostering mot eit lågare gebyr.

Konsekvensar:

Ny forskrift gjer tydeleg abonnentanes og renovatørens plikter. Det blir mellom anna presisert at renovatøren ikkje pliktar å ta med seg feilsortert avfall, og at abonnenten har ansvaret for å retta opp avvik.

Føresegna om mellombels fritak frå gebyr er endra slik at han er i betre samsvar med forureiningslova.

Konklusjon:

Utkast til ny forskrift om hushaldsavfall blir sendt på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Kommunedirektøren blir gitt fullmakt til å setja i verk høyringa, og sørgja for tilstrekkeleg publisering og frist.

Vedlegg:

1 Gjeldende forskrift

2 Endelig utkast - ny renovasjonsforskrift til høring